



Naustdal-Gjengedal  
verneområdestyre

## Referat etter møte i Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

Onsdag 24.oktober kl 14.00 – 16.00 på Skei hotell

### Desse møtte:

Erik Solheim – Naturvernforbundet  
Kjell Arne Hjellbrekke – Indre Sunnfjord Turlag  
Ole Gimmedstad – grunneigar Gloppen/Sandane  
Inge Erikstad – grunneigar Jølster  
Lars Indrebø – grunneigar Førde  
Björg Kjos-Wenjum – Sunnfjord utvikling  
Rune Holen – Statens naturoppsyn  
Alf Erik Røyrvik – verneområdeforvaltar (referent)

---

### Saker

#### 1. Velkommen. Opning av møtet

Verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik opna møtet.

#### 2. Informasjon frå forvaltninga

##### a. Forvaltar orienterte om saker og forvaltning i 2018

- Motorferdsellsaker; transport av ymse med helikopter og snøskuter. Dronesøknader.
- Byggesaker i Naustedalen, restaurering av sel.
- Klagesak i Traudalen
- Skjøtselsplanarbeid i støylsområda

Det har vorte jobba mykje med besøksstrategi dei siste åra. Besøksstrategien for Naustdal-Gjengedal er no på høyring.

Etter møtet i RU var det ope høyringsmøte for besøksstrategien.

##### b. Tiltak som er gjennomført eller fått støtte i 2018

- Geitabykset – går over fleire år
- Bru i Byrkjeneset
- Stien langs Storevatnet
- Arnestadstøylen – skjøtsel og sti
- Klopplegging – Jardalen og ryssdalen
- Nye løveskilt

### **3. Innspel frå utvalet til forvaltninga**

- Forvaltninga bør prøve å få fleire saker frå Naustdal-Gjengedal ut i media slik at verneområdet og det som skjer der vert meir kjent.
- Den T-merka ruta gjennom Langedalen er litt dårleg merka.

### **4. Aktuelle tiltak i 2019**

- Gjere ferdig Geitabykset.
- Halde fram med stien til Byrkjeneset.
- Skjøtsel
- Har kome innspel om nokre nye, mindre tiltak (infrastruktur)
  - Supplerande klopplegging på Vona/Nes
  - Bruer i Langedalen, Gloppen

### **5. Innspel til tiltak i 2019 frå utvalet**

Det har heile tida vore gjort lite tiltak i Førde kommune sin del av verneområdet og randområda der.

Vurdere tiltak på den merka ruta frå Byrkjeneset og vidare innover mot Måsevasdalen. Mykje blaute parti.

### **6. Ymse**

Ingen saker.